



Statens vegvesen

Notat

Til: Hovudutval for Samferdsle
Frå: Statens vegvesen, Vegavdeling Sogn og Fjordane
Kopi til:

Sakshandsamar/telefon:
Eli M. Næss/Ander Sæternes /
95191805/97587950
Vår dato: 04.04.2016
Vår referanse:

Kommunikasjonsutfordringar for innbyggjarar i Vik kommune i påsken

Vi viser til brev frå Sogn og Fjordane høgre stila til Sogn og Fjordane fylkeskommune med kopi til Statens vegvesen datert 2016-03-30. Dette ligg vedlagt.

Statens Vegvesen gjorde løpande vurderingar av rv13. Vikafjellet frå det vart stengt laurdag 26.mars kl. 0330. Årsaka til stenginga var dårleg vær, samt aukande fare for ras. I perioden fram til vegen vart opna morgonen 30.mars var årsaka til stengt veg dårleg vær, ras og rasfare. Med omsyn for tryggleiken for vegfarande og entreprenør så fann Statens Vegvesen det ikkje tilrådeleg å opne vegen i nemnte periode.

Vangsnes-Hella-Dragsvik var trafikkert av MF Lærdal, mens MF Ivar Aasen vart flytta til Manheller-Fodnes etter at MF Sogn måtte ut på grunn av teknisk feil. Det vart varsla med trafikkmelding søndag 27. mars at det neste dag berre vart ei ferje på Vangsnes-Hella-Dragsvik. Det vart her ikkje varsla noko eigen ruteplan, det var meint at MF Lærdal i all hovudsak skulle følge si eiga rute (A rute), men det som faktisk vart utført var at ferja gikk utanom rutetabell så bra det let seg gjera ut frå det trafikkmønsteret som var.

Det er MF Gulen som skal vera reserveferje på disse to sambanda, og den ligg for tida på verksted som følge av grunnstøyting 30. desember. MF Sognefjord vart mobilisert som reserve, men sidan dette ikkje er den ordinære reserveferja måtte det settast i gang opplæring og utsjekk av mannskap, og gjennomføring av lovpålagte øvingar, noko som medførte at dette fartøyet ikkje var klart før 29. mars.

Vedlegg:



Fridom – Ansvar - Mangfald

SOGN OG FJORDANE HØGRE

Postboks 23, 6801 FØRDE
 Storehagen 4, 6800 FØRDE
 3. etg., rutebilstasjonen/Firda Billag
E-post: sfj@hoyre.no

Telefon 901 23 185
Bankkonto 1503 58 63416

<http://sognogfjordane.hoyre.no/>

MELDING 2016-03-30:

til Sogn og Fjordane fylkeskommune
 kopi Statens Vegvesen og media

Manglende kommunikasjoner for Vik i påskeferien m.m.

Som kjent er reisande til og frå Vik kommune avhengig av riksveg 13.

2. Påskedag, opplevde ein på nytt at denne vegen var tilnærma stengt både nordover og sørover.

- Vikafjellet var stengt grunna snøras og fare for ras
- Ferjeleiet Vangsnes-Hella-Dragsvik trafikkert berre med 1 ferje; då 1 ferje var flytta til Mannheller-Fodnes
- Ekspressbåten til Bergen på ettermiddagen var fullbooka.

Sogn og Fjordane Høgre ber om at fylkeskommunen tek opp trafikksituasjonen ut og inn av Vik kommune som konkret tema slik at slike situasjonar ikkje oppstår i framtida.

KONTAKTPERSONAR HØGRE

Vidar Grønnevik, fylkesleiar Sogn og Fjordane, tlf. 905 44 118

Noralv Distad, fylkesgruppeleiar/leiar hovudutval samferdsle fylket, tlf. 913 74 976

SENDT FRÅ: Fylkessekretær Ingvar Torsvik Myrvollen, Sogn og Fjordane, tlf. 901 23 185